



# OSTERØY KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN

Til Osterøy heradsstyre ved ordfører

Kontrollutvalet har i møte 14. februar 2023 handsama sak 04/22 med følgende vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen gitt i møtet til orientering.
2. Kontrollutvalet vil anbefala heradsstyret å gjera vedtak om finansielle måltal for disposisjonsfond og gjeldsgrad.

Kontrollutvalet ber om at heradsstyret får saka lagt fram.

Utskrift av protokoll og saksframlegg ligg under. Presentasjonen som vart gitt av økonomisjef i møtet ligg ved til informasjon.

## 04/23 ORIENTERING OM FINANSIELLE MÅLTAL OG KOMMUNAL ØKONOMISK BEREKRAFT – INKL. KORT STATUS OM AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen gitt i møtet til orientering.

---

### HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Øyvind Johannesen gav ein presentasjon i saka. Presentasjonen vert lagt ved protokoll.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Kontrollutvalsleiar tok opp at kommunen bør vedta måltal. Kontrollutvalet drøfta om utvalet skal anbefale heradsstyret å vedta måltal.

Kontrollutvalet ynskte å leggja til eit andre ledd i tillegg til sekretariatet sitt framlegg til vedtak.

*Kontrollutvalet vil anbefala heradsstyret å gjera vedtak om finansielle måltal for disposisjonsfond og gjeldsgrad.*

Dette vart samrøystes vedteke.

---

### VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen gitt i møtet til orientering.



2. Kontrollutvalet vil anbefala heradsstyret å gjera vedtak om finansielle måltal for disposisjonsfond og gjeldsgrad.

---

## SAKSOPPLYSINGAR

Omgrepet kommunal økonomisk berekraft er betydeleg styrka i den nye kommunelova (kapittel 14). Kommunen skal rapportere på økonomisk handleevne over tid, og ha vedteke finansielle måltal.

Det vert anbefalt at kontrollutvalet har ei sak om dette temaet i eit møte før møtet der rekneskapen skal handsamast. Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om både årsrekneskapen og årsmeldinga, jf. kommunelova § 14-3. I kontrollutvalet sin uttale kan ei vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB) inngå.

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga skal etter planen handsamast i kontrollutvalet sitt mai-møte. Både [NKRF](#) og [FKT](#) gav ut rettleiarar om temaet i 2021.

I tråd med anbefalingane i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin rettleiar er rådmannen invitert i møtet 14.02.2023 for å orientera om kommunen sine finansielle måltal og utviklinga av desse gjennom dei siste åra, og om mogleg forventa resultat i 2022.

I tillegg er rådmannen beden om å inkludere ein kort status om ferdigstilling av årsrekneskapen 2022.

Det er bede om ei munnleg orientering i møtet, støtta av ein skriftleg presentasjon.

*Vedlegg: Presentasjon finansielle måltal\_ Osterøy kontrollutval 14feb 2023*